

# Forskrift om elevpermisjon frå grunnskuleopplæringa

*Heimel: Fastsett av kommunestyret i Bjørnafjorden kommune [dato] med heimel i lov 9. juli 2023 nr. 30 om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-2 fjerde ledd.*

Vedtatt i Bjørnafjorden kommunestyre den

## § 1 Føremål og verknadsområde

Forskrifta regulerer i kva tilfelle elevar kan søke om permisjon frå skulen. Forskrifta skal bidra til å trygge elevane sin rett til grunnskuleutdanning og sikre likebehandling ved søknad om permisjon. Forskrifta gjeld for elevar ved alle grunnskular i Bjørnafjorden kommune. Forskrifta gjeld ikkje for vaksne som mottar grunnskuleopplæring etter opplæringslova sitt kapittel 18.

## § 2 Rett til å søke om permisjon

Elevar kan få innvilga inntil 10 dagar permisjon per år, så lenge elevane får opplæring som samla sett er forsvarleg. Dei 10 dagane kan bli fordelt over fleire permisjonar.

Når vi skal vurdere om opplæringa samla sett er forsvarleg, kan vi mellom anna legge vekt på:

- a) kva som er det beste for eleven og kva eleven sjølv meiner
- b) om, og i tilfelle kva, opplæring som blir gitt i permisjonstida
- c) skulen sitt undervisningsopplegg i permisjonstida
- d) om eleven har hatt permisjon tidlegare
- e) eleven sitt faglege nivå
- f) kva læringsutbyte eleven elles vil få i permisjonstida

Som hovudregel blir ikkje permisjon innvilga i periodar der det blir gjennomført statlege kartleggingsprøvar, nasjonale prøvar, avgjerande vurderingssituasjonar på ungdomsskulen, prøveeksamen og eksamen.

## § 3 Permisjon for trusretningar

Elevar som høyrer til eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkja, har rett til permisjon frå skulen dei dagane trussamfunnet har helgedag, i tråd med oppl. § 2-2 femte ledd.

Rett til permisjon etter denne forskrifta føreset at foreldra sørger for opplæringa som trengst for at eleven skal kunne halde tritt med opplæringa på skulen etter fråværet.

## § 4 Opphold i utlandet

Etter tre månader i utlandet blir ikkje barna lenger rekna som busette i Noreg, og blir dermed ikkje omfatta av opplæringsplikta, i samsvar med oppl. § 2-2 andre ledd. I dei tilfella der foreldra gir skulen melding om utanlandsopphald på over tre månader på førehand, fell plikta bort frå avreisedatoen. I alle andre tilfelle fell plikta bort når utanlandsopphaldet har vart meir enn tre månader. Tremånadersregelen gjeld uavhengig av skuleruta, det vil seie uavhengig av om opphaldet delvis fell innanfor skulen sine feriar.

## § 5 Ugyldig fråvær

Eleven vil få ugyldig fråvær dersom eleven ikkje har søkt om permisjon, eller har fått avslag på søknad om permisjon, og likevel ikkje møter på skulen. Eleven får også ugyldig fråvær dersom eleven berre har fått delvis innvilga permisjon, og likevel er borte heile perioden.

### **§ 6 Saksbehandlingsreglar**

Søknad om permisjon må sendast til skulen seinast éin månad før permisjonen skal starte.

Rektor får delegert mynde til å fatte vedtak i saker om elevpermisjon. For permisjonar som varar éin dag, kan rektor delegere mynde til å innvilge permisjon til eleven sin kontaktlærar.

### **§ 7 Klagerett**

Behandling av søknad om permisjon er eit enkeltvedtak som det kan klagast på. Send eventuell klage til skulen ved rektor. Frist for å klage er 3 veker frå vedtaket er mottatt av klagaren. Statsforvaltaren i Vestland er klageinstans for klage på vedtak etter opplæringslova.